SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:
Arvid Stenehjem
E-post: arvid.stenehjem@sfj.no
Tlf.: 91576880

Vår ref.
Sak nr.: 18/5878-8
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
31571/19

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 21.06.2019

Notat

Frå: Arvid Stenehjem

Til: Gro Fivelsdal, DALV
Ove Bjørlo, EIDV
Reidar Grønli, FISF
Hallgeir Hansen, FIRV
Knut Chr. Clausen, FLOV
Nina Bygstad, HAFV
Torill Thorbjørnsen, HOYV
Åsta Navelsaker Røed, MALV
Aksel Hugo, SJH
Ole Jørgen Øygarden, SOGV
Tore Oddvin Stølen, DT
Anders Magne Bruvoll, STRV
Clara Øberg, THT
Liv Horvei, MOY
Geir Kjetil Øvstetun, ARDV

Kopi til: Ottar Bjørkedal, EIDV
Arnfinn Ekerheim, FLOV
Magne Frøholm, HAFV
Alf Reidar Myrstad, MALV
Venke Sjursen, SJH
Tor Arne Hov, SOGV
Paal Fosdal, FRM
Kristin Færestrand, THT
Paul Lemvik, MOY
Hans Otto Tråi, ARDV

Olav Vestrheim, FHVO
Toril Einarsen, FRM
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv - bestilling av oppfølgingsarbeid

Deloitte AS har på oppdrag frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomført forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv fylkeskommunen. Revisor har vurdert dei funna som er gjort i undersøkinga opp mot dei utvalde revisjonskriteria og kome med ni tiltak til forbetring.

I samsvar med vedtaket vil fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet.

Etter framlegg frå kontrollutvalet vedtok fylkestinget i møtet 24. april 2019 følgjande:

1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til etterretning

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
a. Tydeleggjere fylkeshovudverneombodet si rolle ytterlegare
b. Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde
c. Ferdigstille følgjande påbyrja tiltak:

i. Sikre at det jamleg og i samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalde blir utarbeidd risikovurderingar, mål og handlingsplanar i alle einingar, inkludert risikovurderingar knytt til vald og truslar

ii. Sikre at risikovurderingar og handlingsplanar blir utarbeidd med tilstrekkeleg kvalitet, og i samarbeid med dette vurderer auka krav til bruk av fylkeskommunen sine malar

iii. Sikre at rutinar og malverk kontinuerleg vert oppdatert i høve til gjeldande regleverk og organisering

iv. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval

v. Sikre at det blir gitt nødvendig opplæring
- ✓ I høve vald og truslar om vald
- ✓ Kva som er å rekne som avvik og korleis dette skal meldast
- ✓ Verneombod og leiarar

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune:

- ✓ Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering
- ✓ Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
- ✓ Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar
- ✓ Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene

4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet

Dette vart vidare forankra i sak 6/19 i HSU sitt møte den 22. mai 2019 – sjå protokollen her.

Fylkesrådmannen har i sin høyringsuttale kome med innspel til rapporten, der han skriv at han vil arbeide med tilråding nr. 1 og 2. Fylkesrådmannen har allereie sett inn tiltak til tilråding nr. 3, 4 og 9, og at tilrådingane 5, 6, 7 og 8 er problemstillingar adressert til fellesarbeidet med å slå saman dei to fylkeskommunane. (Sjå vedlegg A)

Fylkesrådmann sin bestilling av oppfølgingsarbeid i einingane
Eg vil her prove å konkretisere dei arbeidsoppgåvene som må setjast i verk for å kunne rette opp feil eller manglar som revisjonen, fylkestingsvedtaket inklusiv forankring i hovudsamarbeidsutvalet, har gitt oss. Eg ber LAMU setje denne bestillinga på dagsorden i sitt førstkommande møte.

A. Klargjere rolla til fylkeshovudverneombodet
Revisjonen peiker på at rolla til FHVO må gjerast meir tydeleg. Eg vel difor å formidle HSU sitt vedtak og legg ved saksutgreiinga på sida som presenterer FHVO på vårt intranett. Eg ber om at alle gjer seg kjend med dette. Det ligg eit stort handlingsrom i rolla og det kan derfor vere uheldig og uønska å innskrenke dette med «instruksar og ytterlegare rolleskildringar».

B. Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde

Det ligg til LAMU å definere storleiken på verneområda og med det tal verneombod. Eg ber alle LAMU setje dette opp som sak i førstkommande møte. Verneområda bør ikkje vere større enn at verneombodet kan ha ei rimeleg god oversikt. Kor mange verneombod som skal veljast avhenger av storleiken på eininga, risikoområder og øvrige arbeidsforhold. Det er rimeleg å anta at ein rein allmennfagleg skule/avdeling er prega av mindre risiko for fysiske belastningar. Psykiske belastningar kan oppstå heilt uavhengig av dei fysiske rammene.

Når du vurdere den arbeidsmengda til verneombodet og med det den tidsressursen som er rimeleg å avsetje til arbeidet er dykkar eigne erfaringstal eit godt utgangspunkt. Arbeider verneombodet som pedagog vil tidsressursen som skal reduserast for å utøve rolla takast likt frå kvar del av den tredelte arbeidstida. Ingen har rett på funksjonstillegg/lønn for å utøve dette vervet.

Om eininga/skulen organiserer fast kontortid/kontorstad for VO, er dette eit gode for alle. Til dømes om eininga kan organisere eitt fast tidspunkt der HVO (der det er fleire enn eit VO) er tilgjengeleg for alle – døme «kvar fredag kl. 9.00 til 10.00». Husk likevel at rolla som VO eller HVO har ein med seg i heile arbeidstida.

Sjå Arbeidstilsynet om verneombod

C. Førtitimarskurset – grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap
Syte for å melde alle nyvalde verneombod, hovudverneombod og medlemmar i LAMU til det opplæringstilbodet som kjem til hausten. Invitasjon til kurs vil komme etter sommarferien.

MERK
Frm-personal ved Arvid Stenehjem og bedriftshelsetenesta Stamina Helse ved Wenche Elveseter står til dykkar disposisjon med råd og bistand.

Frist for tilbakemelding er 31. august 2019
Fylkestinget har bedt fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med kommentar til vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet. Det betyr at underteikna må få eininga sin rapport/kommentar seinast denne dato.